

## Søknad om dispensasjon frå plankrav

Alver kommune v/Eigedomsforvaltning søker om dispensasjon frå krav til reguleringsplan slik det fylgjer av føresegnene til kommunedelplanen for Knarvik-Alversund med Alverstraumen 2019-2031 pkt. 2.2.

Det omsøkte arealet er satt av til framtidig formålnæringsformål i kommunedelplanen (KDP) som vart vedteken 15.10.2019. Deling som er omsøkt er difor i samsvar med arealformålet i KDP.

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

### Krav til reguleringsplan

Omsyna bak eit krav til reguleringsplan, må kunne utleiast frå pbl. §§ 1-1, 1-3 og 12-1 og går i all hovudsak ut på å sikre ei heilskapleg, berekraftig og gjennomtenkt utvikling av eit område, gjennom ein open og samordna prosess der både offentlege mynde og private partar får uttale seg.

I tilfellet her er det tale om fråskiljing av eigedom til uendra bruk, i eit område avsatt til næringsformål i kommunedelplanen. Frådelinga er i tråd med formålet i kommunedelplanen og er heller ikkje til hinder for framtidig planarbeid eller ynskja utvikling av området. Tiltaket er nabovarsla, slik at dei som er nærast til å ha innvendingar får mogelegheit til å kome med merknader.

Frådelinga er ein del av eit makebyte mellom Alver kommune og Lindås tomteselskap AS. Det vil berre vere privatrettslege omsyn som gjer seg gjeldande ved endra eigedomsgrenser. Frådelinga vil ikkje ha konsekvensar for andre enn kjøpar og seljar.

Frådeling av eigedomar til uendra bruk er ikkje i strid med formålet i kommunedelplanen. Det er heller ikkje til hinder for framtidig endring av eigedomsgrensene, utvikling av området eller ein samordna planprosess. Dispensasjon frå plankravet medfører såleis ingen ulemper.

Ei frådeling vil her leggje til rette for at arealet kan nyttast i samsvar med arealformålet i KDP og inneber at grunneigartilhøva kan avklarast før det vert utarbeida planar for området.

Fordelane med å gje dispensasjon er etter dette klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd, andre punktum.

Med vennleg helsing

Alver kommune



Sara Sekkingstad

Ordfører